

Sluttrapport – Digital formidling av steinalderhistoria ved ved Fosnstraumen

Bakgrunn og målsetjing

Fosnstraumen var eit sentrum i steinalderen med omfattande busetnad på begge sider av straumen. Her er eit av dei største største steinalderfunna gjort i Noreg. Fosnstraumen er også ein av stadane i landet det først vart drive jordbruk. I dag er det derimot nesten umogleg for eit utrent auge å sjå og oppdaga steinalderlokalitetane og å sjå for seg korleis området var på den tida. Radøy og Austrheim kommunar ynskjer difor å løfta fram området gjennom skjøtsel, tilrettelegging av stiar og formidlingstiltak.

Som eitt av fleire tiltak i Fosnstraumen ynskje me å få laga ein film om Fosnstraumen, då filmmediet er godt eigna til å nå fleire og kanskje yngre målgrupper

I prosjektsøknaden om KUP-midlar formulerte me følgjande målsetjingar/effektar:

Hovudeffektar:

- Betre formidling av steinalderhistorien i Fosnstraumen
- Formidling tilpassa born og unge
- Breiare publikum og fleire besøkjande i Fosnstraumen
- Meir merksemd og kunnskap om dei kulturhistoriske verdiane i området

Bieffektar:

- Betre næringsgrunnlag for mindre verksemdar og einskildsføretak i nærleiken
- Meir kompetanse om digital formidling blant aktørane i prosjektet. Andre kan hausta erfaringar frå dette prosjektet.
- Nettverk og eit etablert samarbeid mellom dei ulike aktørane i prosjektet
- Positivt for Nordhordland som reise- og besøksmål



Gjennomføring av prosjektet

Prosjektet med å løfta fram Fosnstraumen går attende til 2015. Dette året søkte me også BARK-midlar frå Riksantikvaren til å laga skjøtelsplan for området, gjennomføra skjøtels- og vegetasjonstiltak, tilretteleggja stiar og fornya skilta i området. I og med at me ynskje å ha lenke til filmen på skilta, måtte skjøtels- og tilretteleggingstiltaka gjennomførast først, og deretter måtte skilta og filmen koordinerast slik at dette var på plass samstundes. Kompleksiteten til prosjektet gjorde at dette tok lengre tid enn me først trudde.

Nytt informasjonsskilt om steinalderstiane på rasteplassen på Straume kai. Frå skiltet er det lenke (qr-kode) til nettsida der filmen ligg.

Radøy og Austrheim kommunar har samarbeida om prosjektet. Radøy kommune har hatt prosjektleiaransvaret for filmen, medan Austrheim kommune har bidratt med to personar i prosjektgruppa. Arkeolog og flintsmid Morten Kutchera har bidratt under planlegginga, med å skaffa

utstyr, med manus, under innspelinga og under lanseringa. Hans bidrag har vore uvurderleg for gjennomføringa av filmen. Professor Knut Andreas Bergsvik har levert tekstar til skilta som har vore nytta som grunnlag for manus til filmen, og arkeolog Solveig Lohne Rongved frå Hordaland fylkeskommune har vore konsulent og ein viktig bidragsytar. Som skodespelarar i filmen stilte Lena Eikeland Kutchera, Sigvald Eikeland Kutchera og Sara Nordgulen Vårbakken. Hege Mathilde Storheim las inn teksten (voice-over).

Me gjennomførte ein anbudsrunde for produksjon av filmen. Buss og Media fekk oppdraget og har tatt seg av arbeid med manus, filming og etterarbeid. I søknaden skreiv me at me skulle laga 8-10 korte filmar på kring 2-3 minutt. Undervegs i prosjektet såg me at dette ikkje ville vera føremålstenleg, då skilta i løypa vart knytt opp til lokalitetane undervegs, medan filmen var tematisk. I stadenfor valde me å laga éin noko lengre film, og fire kortare 360-videoar som viser ulike tema. Den lengste filmen kan lett splittast opp i mindre, tematiske filmar slik som skissert i søknaden om me ynskjer det, men så lenge skilta langs løypa ikkje er tematisk inndelte, er dette som nemnd ikkje den beste løysinga.

Filmene er førebels lagt ut på nettsida www.fosnstraumen.no, og kan sjåast direkte der eller via qr-koden på skilta. Kommunane er no i prosess med å få ny portal for nettsida, og me planlegg at www.fosnstraumen.no skal verta ein subportal under denne sida når den er på plass. Me planla også å leggja filmene ut på digitalt fortalt, men denne sida er lagt ned. Me ynskjer å gjera filmene tilgjengeleg også på andre portalar enn vår eiga nettside, men har ikkje funne rett portal endå.



Frå innspelinga av filmen.

Me laga eit eige arrangement kring lanseringa av filmen – ein steinalderdag med gjenopning av steinalderstiane på Radøy med steinalderaktivitetar på Ramsvikneset og guida tur til Rapeneset med professor Knut Andreas Bergsvik. Seinare på dagen var det lansering av filmen om steinalderfilmen på rådhuset på Austrheim.



Gjenopning av steinalderstien på Radøy. Ordfører Jon Askeland opnar stien ved å kutta ei grein med steinalderøkks. Solveig Lohne Rongved frå Fylkeskonservatoren i Hordaland og professor Knut Andreas Bergsvik frå Universitetet i Bergen haldt kvar sin ende av greina.



Steinalderaktivitetar på «steinalderbustaden» på Ramsvikneset. Arrangementet var særleg populært blant familiar med mindre born.



Filmpremiere på Austrheim rådhus. Til høgre er dei flinke skodespelarane i filmen.

Måloppnåing

1. Betre formidling av steinalderhistorien i Fosnstraumen

Me har utan tvil nådd målet om betre formidling av steinalderstien i området. No kan turgåarar gå på stiar som er langt betre tilrettelagde enn tidlegare og få informasjon om

steinalderlokalitetane i området frå nyoppsette skilt med lenke til filmen. Tilbakemeldingane på filmen har vore svært gode.

2. Formidling tilpassa born og unge

I arbeidet med filmen la me vekt på å bruka eit språk og formidlingsmåte som er tilpassa born og ungdom frå ca. 10 år og oppover. Alle Radøy-elevar i fjerdeklasse har dei siste åra hatt steinalderdag ved Fosnstraumen, og tanken vår er at filmen vil kunna gje dei ei innføring i livet ved Fosnstraumen i samband med steinalderdagen på ein måte som gjev dei ei endå betre innføring i korleis steinalderfolk levde og budde ved Fosnstraumen.

3. Breiare publikum og fleire besøkjande i Fosnstraumen

Betre tilrettelegging av stiane, betre formidling ved hjelp av skilt og film og betre marknadsføring av området vil truleg føra til fleire besøkjande. Me har ikkje tal på besøkjande, og dette lar seg difor ikkje målast per i dag. Fleire marknadsføringstiltak, som t.d. å ta turen med som ein av 15 turar i Alver, som me planlegg i 2019, auka talet på besøkjande i området.

4. Meir merksemd og kunnskap om dei kulturhistoriske verdiane i området

Satsinga på Fosnstraumen dei siste åra har gjeve området større merksemd. Jobben er ikkje gjort med dette – satsinga på formidling og framleis aktiv skjøtsel av området er viktig også framover. Austrheim kommune har også ein del planar om vidareutvikling av området, mellom anna ved å laga ein universelt utforma utsiktsplass.

Bieffektar:

5. Betre næringsgrunnlag for mindre verksemdar og einskildsforetak i nærleiken

Fosnstraumen kan marknadsførast som ein attraksjon blant reiselivsverksemdar i området. Turistinformasjonane i dei to kommunane har opplevd interesse for å besøkje Fosnstraumen blant turstiar.

6. Meir kompetanse om digital formidling blant aktørane i prosjektet. Andre kan hausta erfaringar frå dette prosjektet.

Denne målsetjinga er nådd. Dei som har jobba med prosjektet har opparbeida seg meir kunnskap om heile prosessen med å produsera filmar og har såleis med seg nyttige erfaringar til eventuelle seinare filmprosjekt.

7. Nettverk og eit etablert samarbeid mellom dei ulike aktørane i prosjektet

Mål oppnådd

8. Positivt for Nordhordland som reise- og besøksmål

Oppnådd, men sannsynlegvis nokså avgrensa effekt til no.

Oppsummering av prosjektarbeidet

Prosjektet har vore krevjande å gjennomføra på grunn av kompleksiteten i arbeidet som måtte gjerast. Me er likevel godt nøgde med resultatet og stolte over å kunna presentera ein film som tydeleg får fram kvalitetane i området og den spanande historia om livet ved Fosnstraumen i steinalderen.

For å sjå filmen, sjå nettsida www.fosnstraumen.no. Vidare arbeid med nettsida vil halda fram når endeleg portalløysing er bestemt.